

FUSA KYRKJEBLAD

Nr. 5

Oktober 2021

Årgang 87 år



Opne kyrkjer – Velkommen!



Gamledagars-
gudsteneste
S. 3



Marko – Klar for ny
dag, klar for ny kamp!
S. 4-6



Haust-
konfirmasjonar 2021
S. 8-10



Nytt
konfirmantkull
S. 16

FUSA sokn Fusa kyrkjecontor

FJORD'N SENTER 2. HØGDA
Postboks 73, 5649 Eikelandsosen
Tlf. 56 58 01 81
E-post: post.fusa@kyrkja.no

Kontortid

Mandag - fredag kl.09.00-14.00
Prest og organist har fridag måndag.

Sokneprest

Einar Ekerhovd 91 38 29 64

Dagleg leiar/ass. kyrkjevejerje

Hans Einar Markhus 95 93 65 80

Kyrkjevejerje

Kristine Fjeld 41 42 68 59

Trusopplæring

Norunn Rød Markhus 91 63 77 13
Eirun Bjotveit Fonneland 94 88 85 06

Konsulent

Ingebjørg Sundfjord Gjøn 97 71 17 23

Medarbeidarkoordinator

Hartvig Haugen 97 01 35 94

Kantor

Iman de Zwarte 95 03 93 33

Soknerådsleiar

Sigbjørn Sundfjord 97 65 00 93

Kyrkjetenarar

FUSA KYRKJE Rianne de Zwarte 46 68 03 96

STRANDVIK KYRKJE

Rianne de Zwarte 46 68 03 96

HÅLANDSDAL KYRKJE

Terje Rød 48 25 56 46

SUNDVOR KYRKJE

Øyvind Nordbø 48 30 52 59

SÆVAREID KAPELL

Terje Rød 48 25 56 46

Gåver til kyrkjelydsarbeidet
kan sendast Fusa sokneråd,
bankgiro: 3530 25 86215
eller VIPPS #90436

FUSA KYRKJEBLAD
Postboks 73, 5649 Eikelandsosen

Ansvarleg utgjevar:
Fusa sokneråd

Konto for kyrkebladet:
3530 25 86215
Bladpengar er kr. 250,- pr. år
Utanbygds kr. 350,- pr. år

REDAKSJONSNEMND:
Hans Einar Markhus
Toril Hjartåker Hauge

I Kristus

Begepet «i Kristus» er svært sentralt i vår kristne tru. Det påvirkar korleis vi ser på oss sjølve, vår identitet og vår verdi i Guds auge. Paulus brukar dette begrepet ofte i sine brev. Gud har tatt seg av deg og plassert deg «i Kristus». Ikkje like lett å fatte med tanken, men eit lite bilde kan illustrere denne sanninga. Ta eit lite ark og skriv navnet ditt på. Plasser så dette arket med ditt navn på i din bibel. Der bibelen er der er du. Du er ikkje ein del av boka, men er plassert inni den. Slik er det med deg og Kristus også. I han er du velsigna med all andens velsigning i himmelen.



Sokneprest
Einar Ekerhovd

Vi har no starta med Alpha igjen, og det er godt å bli minna om dei sentrale sanningar i vår kristne tru. I starten av kurset fokuserer vi på Jesus, hans liv og hans død. Han er ein av dei som er meir kjend for sin død enn for sitt liv. Det seier oss noko om kor viktig hans død var for oss.

For verkeleg å forstå kor viktig hans død var, kan vi bruke eit bilde frå rettsalen. Gud er rettferdig, men også nådig.

Det var to menn som voks opp saman, men livet tok dei i ulik retning. Han eine vart ein jurist og hadde ei viktig rolle som dommar i rettsaker. Han andre møtte mykje motbør i livet og havna i därlege miljø. Dei møttest etter mange år i rettsalen. Domaren drog kjensel på kameraten frå barndommen og stod overfor eit dilemma. Etter lova måtte han dømme rettferdig, men i sin godelek kjende han på sorg over denne mannen som var tiltalt. Han dømde han til å betale ei bot. Det var rettferdig. Så gjekk han ned til kameraten, omfamna han og sa: Eg betalar bota. Det var nåde og kjærleik.

Slik er Gud. Når eg er «i Kristus» får eg ein rettferdig dom, men Jesus betaler denne straffen som skulle ramma meg.

*Ren og rettferdig, himmelen verdig
Er jeg i verdens frelser alt nu
Ordet forkynner, at mine synder
Kommer Han aldri mene i hu
Å, jeg er frelst og salig fordi
Sønnen har gjort meg virkelig fri
Fri ifra nøden, dommen og døden
Amen, Halleluja*

Dette er vel verdt eit lite Halleluja. Og ikkje minst eit stort AMEN!

ENDELEG!

Endeleg er kyrkjene heilt opne att og alle arrangementa som Fusa sokn arrangerer kan gjennomførast utan særskilde restriksjonar. Vekke er sperrebånd, merking av benkar og sitjeplassar og me kan samlast til gudstenester og andre samlingar og kjenna på fellesskapet. Dei fleste gravferder blir opne for alle som ynskjer å vera til stades og ein treng ikkje meldt seg på eller føra lister lenger, og barne- og ungdomsarbeidet er i full gang. Endeleg.

For det er dette kyrkje er; Fellesskap med Gud og med kvarandre.

VELKOMEN TIL KYRKJE ATT!



Gamledagarsgudsteneste i Hålandsalen kyrkje, søndag 24. oktober kl. 11.00



I samband med at Fusa kyrkjeblad har 100- årsjubileum denne hausten, ynskjer me å skipe til ei gudstenesta med gammal liturgi frå om lag den tida då kyrkjebladet vart skipa. På gudstenesta vert det mogleg å dresse seg opp i kyrkjeklede anno tidleg 1900-talet: vadmelstakkar, skjorter, sjal, strikkjakkar, hårløyer, vestar, hattar og brosjer; her er det berre fantasi-en som set grenser. Håpar at mange vil ta utfordringa!!

Samme helga vil også den årlege TV-aksjonen gå av stabelen. Temaet i år er «Barn ikkje brud». I den samanheng har me lyst å gje barnet eit ekstra fokus og er derfor interessert i å komme i kontakt med dykk som har dåpskjolar frå 1900-talet i heimen og som kan tenkje dykk å låne dei ut: I samband med gudstenesta, vil me freiste laga til ei lita dåpskjoleutstilling i kyrkja. **Ta kontakt med kyrkjekontoret om du har ein aktuell dåpskjole; 56 58 01 81 eller post.fusa@kyrkja.no innan onsdag 20. oktober.**

Prest på gudstenesta vert kapellan Annette- Emilie Gangstø og kunngje-ringane- både nytt og gammalt- vil bli kunngjort på kyrkjetrappa etter gudstenesta. Det vert dessutan høve til å kjøpe seg kyrkjekaffi på Eidegrend Klyngjetun etter gudstenesta.

Hjarteleg velkommen til ei annleis gudsteneste.

Hålandsalen kyrkjeutval i samarbeid med Fusa sokneråd

Menighetsblad
for FUSA

Sommer ut var da mitt var dren i sein den laaste høsten. Jorde med
poteter der er godt, inge andre poteter. Og i desse
stand avret ill os av disse manu veldet kynsligge høst.

Nr.10 Lørdag 10. oktober 1925. 4. afgang

Har du gamle kyrkjeblad?

Fusa kyrkjeblad kom ut første gong i 1921 men det har ikke vore laga kyrkjeblad kvart år sidan. Årgangen i år, i 2021, er 87. årgang, så det har vore nokre år med stopp i produksjonen. I arkivet på kyrkjekontoret manglar me nokre utgåver av kyrkjebladet. Først og fremst gjeld dette utgåver i åra 1925 – 1929. Har nokon blad frå denne perioden liggjande? Gje i så fall ein lyd til oss på kyrkjekontoret.

I september vart det arrangert 4 kvardagsgudstenter i soknet. Desse vart haldne på ettermiddagstid i Strandvik og Hålandsdal kyrkjer, samt Sævareid kapell og Bygdaheimen på Holmefjord. 4- og 5-åringane i soknet var særskild invitert til å koma for å motta barnebibel og korssmykke, men søsken og foreldre var også velkomne. Kyrkjelydspedagog Norunn og kyrkjelydsarbeidar Eirun stod for opplegget som inneholdt mellom anna lesing av bibelfortelling, leiting etter bortkomen sau, song og eting av hot-dog. Kjekke samlingar og godt oppmøte - takk til alle som var med på ei annleis samling i kyrkja!



«Klar for ny dag! Klar for ny kamp!»

Marko vaks opp i Beograd, 100 meter frå ein fotballbane. Når faren kom heim frå nattskift, tok han sonen med på tidleg trening. «Kjærleiken til fotballen har eg arva frå han,» seier Marko. «Den inspirasjonen og oppmuntringa han gav meg, ynskjer eg å gje vidare til mine eigne barn.» Kva sportar og lidenskapar dei to sønnene hans kjem til å dyrka gjennom livet, er for tidleg å seia, men Marko har i alle fall sorgja for at også dei har gangavstand til ei grasmatte, nemleg den i Eikelandsosen.

Tekst og foto: Toril Hjartåker Hauge

Beograd

«Far min er sjølv oppvachsen i Beograd,» fortel Marko. «I 1977 møtte han mor mi der, og dei to bur der enno. Mor mi kjem frå Krusevac, ein liten by i sør-Serbia. Om somrane før me dit og besøkte besteforeldra mine. Av og til drog me heilt vest til kysten i Montenegro. Me reiste alltid med tog, og dei gikk jo ganske sakte den gongen. Desse lange, rolege togturene og vekene ute ved havet høyrer til mine aller beste minne.» Derfor: Då Marko skulle vera med Eikelandsfjorden idrettslag på Norway Cup i 2017, var det opplagt at han valde toget over vidda. Også den turen har han lykkelege minne ifrå.

Ikkje berre feriane, men også kvardagen i Jugoslavia minnест Marko med glede. «Eg hadde ein trygg og god oppvekst. Begge foreldra mine hadde solide jobbar. Mor mi arbeidde 38 år som rekneskapsførar i Beograd brannvesen; far min var mekanikar på ein papirfabrikk, også han i 38 år. Sjølv var eg opptatt av skule og fotball. Eg var berre eit par år då Tito døydde i

1980, så hans regime hugsar eg ikkje. Sett i ettertid kan ein seia at Jugoslavia i praksis var over då. Etter det var det veldig usikkert kva retning landet skulle ta.»

Om lag ti år etter kom konflikta heilt opp i dagen, og oppløysinga av Jugoslavia tok til. «Eg var 12 år då borgarkrigen starta. Som ung gut hadde eg ikkje klart for meg alt som føregjekk, men eg merka jo at det var noko som ulma. Så plutselig kom kasot og krigen.»

Ansiktet til Marko endrar seg når me kjem inn på dei urolege tidene på 1990-talet. Han ser vakk, og to djupe rynkar dukkar opp mellom dei elles så smilande augo. «Eg liker ikkje å snakka om den tida. Det set i sving så mange tunge kjensler, og får fram så mange vonde bilde i hovudet. Borgarkrigen var frykteleg trist. Mange mista så mykje; mange måtte flykta.» Marko og hans familie heldt fram med å bu i Beograd, men den sorglause barndomen var forbi.

Sidan den tid har heimlandet vore gjennom ulike styre- og namneendringar; sidan 2005 heiter det Republikken Serbia. «Eg håper det er over no,» seier Marko, «og at me greier å leva saman i respekt. Krig er inga løysing. Den skaper berre meir problem og liding, og skadar uskulde folk. Eg tenker som så, at om nokon er ulik meg, skulle det ikkje vera noko problem. Det er kanskje ein utopi åtru at det går an å leva saman på den måten, men det er i alle min draum.»

USA

I fred som i ufred, - fotball spelte Marko utan stopp. Då han var 20, var han med i 3. divisjon i den serbiske ligaen og måtte ta eit val: Enten satsa for fullt på idretten eller byrja ei yrkesutdanning. Marko ynskte å gjera begge delar, og var glad han fekk sjansen til

det, - ikkje i heimlandet, men i USA. I år 2000 fekk han eit stipend i Iowa som omfatta både skulegang og fotball. Etter to år der fekk han eit nytt stipend i St. Louis. I tillegg til ein grad i økonomi oppnådde han trenar-lisens. Dermed kunne han arbeida vidare som fotballlærar i skulevesenet mens han fullførte master-oppgåva si.

«Eg tenker som så, at om nokon er ulik meg, skulle det ikkje vera noko problem»

I mellomtida hadde Marko møtt Jelena. Det skjedde mens han ferierte i heimlandet sommaren 2006. Dei vart eit par, og ho reiste med han til USA. «Familien betyr alt for meg. Sidan foreldra mine ikkje kunne reisa så langt då eg skulle avleggja Master-eksamen i 2008, var det veldig godt at Jelena var der.»

Eikelandsosen

Neste gong ekteparet etablerte seg i utlandet, var det på grunn av Jelena sin karriere. I 2015 fekk ho tilbod om å arbeida i Vitus apotek i Noreg. To stader var aktuelle: éin i Nord-Noreg, éin på Vestlandet. «Vår eldste son, Jovan, var to år då, og me syntest Nord-Noreg høyrdest veldig kaldt ut. Vest-Noreg hadde eit litt meir moderat klima, så me valde Eikelandsosen. Det er me veldig glade for. Den 4. mai 2016 landa me på Flesland første gongen. Det er blitt ein merkedag for oss. Den fine måten fusingane møtte oss på, gjorde at me straks kjende oss velkomne, og no ser me på Eikelandsosen som heimen vår. Den 4. mai i år feira me 5 års-jubileet med kake!»

Ein av mange ting Marko liker med Eikelandsosen, er at «Alle kjenner alle.» Det var Jelena som hadde fast





Marko i sitt rette element; på fotballbana.

jobb her, men det kom fort fram kva kompetanse Marko sat på òg. Ganske raskt vart han hyrt inn som hjelpe- eller hovudtrenar for ulike fotballag i Eikelandsfjorden idrettslag. Han trekker særleg fram Jenter 17-laget som Arild Tveit var hovudtrenar for, og Gutar 19-laget/A-laget som Fredrik Andersen var hovudtrenar for. «Det var dei to i tillegg til Merete Midtrød, Håvard Ragnhildstveit og Arnt Ove Lundervik som gav meg sjansen der.»

Apropos sjanse: Endå så glad Marko er i fotballen, lovpriser han Fjorden Arena og alle moglegheitene den byr på. «Jovan har allereie gult belte i karate, og det kan godt henda han kjem til å satsa hardare den vegen enn på fotballen. Han er nok meir individualistisk enn det faren og farfaren hans er.»

Kyrkja

Kyrkja er ein fellesskap som strekkjer

seg over alle landegrenser. Marko og familien hans tilhører den serbisk-ortodokse greina av kristendommen. Her på Vestlandet møtest dei i Bergen, «Me har ikkje eiga kyrkje der, så me leiger eit lokale, men til dei store høgtidene kjem det ein prest frå den serbisk-ortodokse kyrkja Sankt Vasilije Ostroski i Oslo, og held messe også her vest.»

«I den ortodokse kyrkjekalenderen blir juledag feira 7. januar, mens påska fell på ulike datoar frå år til år, slik som for den norske kyrkja. Før desse store festane fastar me i førti dagar, til minne om Jesus sine førti dagar i ørkenen der han fasta og vart freista av djевelen. Ikkje all mat og drikke er forbode,» understrekar Marko. «Faste for oss betyr at me ikkje et animalske produkt som kjøt, egg og mjølk. Fisk og all plantekost er tillate. Ei slik faste er ikkje eigna for barn, og sjølv for vaksne er ho frivil-

lig. Noko av det viktigaste ved fasta dreier seg dessutan ikkje om mat, men om at me fokuserer på positive tankar og gode gjerningar.»

«Noko av det viktigaste ved fasta dreier seg dessutan ikkje om mat, men om at me fokuserer på positive tankar og gode gjerningar»

Jovan og Nikola

I Serbia er det vanleg at kvar storfamilie har ein skytshelgen, og den som verner Marko si slekt, er Sveti Jovan (= Sankt Johannes), han som me i Noreg kallar døyparen Johannes. Difor bestemte Marko seg alt i tenåra for at viss han nokon gong fekk ein son, skulle han heita Jovan, og slik blei det.



På merkedagen til skytshelgenen sin held familiene storlåtte festar. I Noreg er døyparen Johannes ein av dei helgenane som har halde seg lengst i folkeminnet, truleg fordi han var så heldig å ha fødselsdag midtsommars og difor blir hylla med bål den 23. juni. Marko fortel at i serbisk-ortodoks tradisjon blir han særleg feira den 20. januar, og sidan svært mange familiar har nettopp Sveti Jovan som skytshelgen, seiest det at på 20. januar er alle serbarar på fest – enten inviterer dei sjølve, eller så blir dei invitert.

Denne skytshelgen-festane blir kalla Slava og er så særmerkte at dei i 2014 vart innlemma i UNESCO si liste over immateriell kulturarv, den same lista som Oselvaren og stev frå Setesdal står på. (Kjelde: ich.unesco.org).

gar er sett på som fetrar og kusiner. Det er godt å ha familien rundt seg. Me har serbiske venner i Strandvik, på Os og i Samnanger, men slekta vår bur jo langt unna. Difor ynskte me at Jovan skulle ha søsken her.»

Når det gjeld nettverk på tvers av nasjonalitetar, har Marko nytta tida i Noreg godt. Han kjenner mange, og mange kjenner han, både frå idrett og yrkeslivet. «Eg er veldig takknemleg overfor folk i Fusa kommune som gav meg sjansen til å jobba der.» Det siste året har han vore miljørarbeidar ved ungdomsskulen i Eikelandsosen. «Klar for ny dag! Klar for ny kamp!» seier Marko når han kjem inn dørene der om morgenane. Han helsar på alle, opnar dører med eit lite bukk og står som eit fjell mens det surrar rundt han. Han verkar ikkje stridslysten i det heile, men veit at ein ikkje kan ta freden for gitt.

Det Marko kjempar for, er at me menneske skal leva godt saman sjølv om me er ulike, – og at Eikelandsfjorden skal vinna neste fotballkamp, sjølv sagt.

DE Rørleggerservice

5645 Sævareid

Mobil: 915 87 002

E-post: deror@online.no



Sentralgodkjent rørleggerfirma

joker

STRANDVIK

MAN-FREDAG 09.00 - 19.00
LØRDAG 09.00 - 18.00

TLF. 56 58 48 12

Prosjektering
Rehabilitering
Nybygg

TA KONTAKT MED

BYGGMESTER

SVENN C. STORUM

951 56 327 storum@fusi.no

«Klar for ny dag, klar
for ny kamp!»

I februar fekk Jovan ein veslebror. Denne gongen var det Jelena som skulle velja namn, og det blei Nikola. Sveti Nikola er den nest mest folkekjære helgenen i Serbia, og grundig kjent i vår protestantiske verd òg, som Sankt Nikolas, julenissen. I sommar besøkte familién på fire Serbia, til stor glede for besteforeldra, og Nikola vart døypt der.

«Sjølv er eg einebarn,» fortel Marko. «I Serbia er det lett å verta del av ein storfamilie likevel, for alle søskنبarna våre kallar me bror og søster, og alle heilt opp til sju-, åttemannin-

Os Gravferdsbyrå as



Døgntelefon
56 57 49 50

Jorunn Moberg
Agnetha Øvreeide

Vi utfører alt det praktiske, eller legg til rette for pårørende som ønskjer å gjera noko sjølve. Ope etter avtale. Brugata 50, Os.

www.osgravferdsbyraa.no

Prosjektering
Rehabilitering
Nybygg

BYGGMESTER

SVENN C. STORUM

951 56 327 storum@fusi.no

Malerfirma

Kenneth Samnøen

5640 Eikelandsosen

Alt innen malerarbeid og tapetsering



Tlf. 90 80 15 38



HERBALIFE
ERNÆRING
Selvstendig Herbalife Medlem

Med produkter for:

- vektkontroll
- vitalitet og overskudd
- kosttilskudd for trening og idrett
- hud- og kroppspleie
- inn- og utvendig ernæring

TA VARE PÅ HELSA DI !

Spør etter gratis prøvepakke, uten forpliktelser.

Ring: 924 94 169

SIGNE GANGSTØ

E-post: famgang@fusi.no

<https://signeg.goherbalife.com/nn-no>




Svaret er 1920

Til dei av dykk som har lurt på kva tid tradisjonen med Olsok-gudstenester i Holdhus kyrkje starta i moderne tid, kan me no fortelja at svaret er verken 1921 eller 1924 som det vart spekulert på i førre nummer av kyrkjebladet. I ein artikkel i avisas Dagen 4.august 1921 står det nemleg:

"Fraa Haalandsdal.

Etter oppmoding av ungdomslaget har den nye soknepresten baade ifjor og iaa helde gudstenesta Olsokdag i den gamle kyrkja."



Om ikkje endå fleire kjelder i sak dukkar opp, kan me slå fast at tradisjonen starta alt i 1920, og at det var verken sokneprest Søren Hansen eller biskop Peter Hognestad som kom på idéen, men Hålandsdøllingane sjølv.

Dermed er altså både 100- og 101-års-markeringa unnagjort!

Toril Hjartåker Hauge

Arbeidet med operasjon av brannskadde born og ungdom i Etiopia held fram!

Til tross for både Covid-19 og uro i Etiopia held dr Einar Eriksen og hans medarbeidrarar arbeidet gåande med å operere brannskadde. I neste nummer av kyrkjebladet kjem det meir informasjon om korleis arbeidet går, og der vi skal få lese meir om både utfordringar - og spennande og interessante nyhende. Vi i Fusa kyrkjelyd har vekerleg høve til å vere med også i tida som kjem å hjelpe born og familar – og gje dei nytt håp i eit land med svært store utfordringar! Fusa sokneråd er takksame for alle gåver som kjem inn til dette viktige og meiningsfulle arbeidet helsepersonellet på brannskadeavdelingane i Etiopia utfører.

Fusa sokneråd



Kebede er 18 år. Han har ligget saman-krøyka i 8 mndr etter brannskade i begge bein. Han kom frå landsbygda og til sjukhuset i Hagere Mariam. Pga dei alvorlege skadene vart han vidaresendt til Addis der Einar Eriksen sine medarbeidrarar gjennomførte operasjonar. Etter 3 mndr, i juli 2021, vart han utskriven. Det var ein stor dag for Kebede – og for alle på avdelinga

Tilbod om skyss

til gudstenester i Fusa sokn

Me startar opp att med tilbod om kyrkjeskyss til gudstenester i Fusa sokn. Har du behov for dette, eller kjenner nokon som har det, ta kontakt med kyrkjekontoret. Dette er eit tilbod til deg som bur i soknet og ikkje har moglegheit til transport sjølv.

Du kan kontakta kyrkjekontoret på telefon 56580181, så skal me prøve å ordne skyss/samkøyring.



Velkommen til kyrkja!

Hartvig Haugen,
medarbeidarkoordinator



Hausten er tida for jakt og rundt omkring i heile soknet sit menn, og nokre damer, på post. Ein haust for ein god del år sidan var det komen ein ny prest til fusa-bygdene. Ryk-

tet gjekk om at denne presten ikkje var like glad i haust-jakta som mange av soknebarna var. Etter ei stund våga ein av dei mest ivrige jegerane seg bort i prestegraden for å snakka med presten om dette. Han spurde presten: «Meinar presten at det er syndig å gå på jakt?» «Nå», sa presten, «det syndige er vel for så vidt ikkje jakta i seg sjølv. Verre er det vel med all den uehemma lyginga om det i årevise etterpå».



Konfirmantar i Fusa sokn hausten 2021

Pandemien førte til ei oppdeling av konfirmasjonane i år. 13 av konfirmantane i 2021-kullet valde å konfirmera seg i mai, medan dei resterande 36 har konfirmert seg no i hausten.



Fusa 28.aug: Lars Ivar Opsal. Foto: Norunn Rød Markus.



Fusa 28. aug: Emilie Kvam Holmefjord, Maren Gravdal, Silje Gravdal, Celine Kaland, Adrian Øpstad-Håvik, Oda Linnea Holmefjord Lyhammer. Foto: Cecilie Øpstad.



Fusa 28. aug: Helga Øvredal, Ørjan Almås Aase, Tuva Sagstad, Jon Helge Øpstad, Alma Horne, Rune Hesjedal, Henriette Frydenlund, Jessica Dysvik-Johansen. Foto: Britt Mari Gjerde.





Hålandsalen 29. aug: Alf-Harald Johnsen Aarra, Andreas Aarseth, Daniel Eikeland Gjøen. Foto: Norunn Rød Markhus.



Hålandsalen 29. aug: Marie Olderkjær, Sara Gabriela Mella Kvamme, Bjørg Marit Eide. Foto: Aina Vormestrands Olderkjær.





Strandvik 4. sept: Jonas Bergheim.
Foto: Rune Bergheim.



Strandvik 4. sept: Juni Iselin Garverhaugen, Askil Furubotn Storum, Sarah Valestrand, Sondre Lyhammar Sævareid, Magnus Stenevik Gjøen. Foto: Ingebjørg Sundfjord Gjøen.



Strandvik 4. sept Ida Skarstein Bakka, Ingvild Dalland, Gabriel Abotnes, Are Vindenes.
Foto: Ingebjørg Sundfjord Gjøen.



Ølve kyrkje 19. sept: Magnus Nordtveit Berge. Foto: Magnar Berge.



Fusa 5. sept: Niklas Nilsen, Shakira Japole Rennesvik, Hannah Eline Heidal, Martine Henanger Solheim. Foto: Ingebjørg Sundfjord Gjøen.



Open kyrkje i Strandvik

26. oktober kl. 19.00
30. november kl. 19.00



JAZZ i Hålandsdal kyrkje



Fredag 29. oktober vitjar Jazzgruppa Louisiana Washboard Five Hålandsdal kyrkje. Dei er eit kjend orkester som spelar 1920-tals jazz på banjo, klarinett, tuba, trompet og vaskebrett. Dei har halde på sidan 1997 og har vitja Hålandsdalen før.

**Velkommen til
ein annleis konsert i kyrkja!**

Arrangør er Hålandsdalen bygdalag.

Babysong/Musikk frå livets begynnelse

Velkommen til Musikk for livets begynnelse for alle born i alderen 0-2 år.

Stad: Eikelandsosen bedehus

Tid: Tysdagar (veke 43-48) kl 11.00 – 12.30

26. oktober, 2. november, 9. november, 16. november, 23. november og 30. november

Kontaktperson: Eirun, Tlf. 94888506/ef882@kyrkja.no

Påmelding: Innan 22. oktober

Pris: Kr. 250,- for heile kurset


Ta med godt humør og matpakke. Me serverer kaffi/te/saft



Haugespor

Mandag 15. november arrangerer Samnanger sokn i lag med Fusa sokn forestillinga «**Haugespor – skaparånd, spetakkel....og strikkepinnar**» av og med revygruppa Ryfylke Livsgnist. Dette er ei framsyning i samband med 250-års jubileet til Hans Nielsen Hauge.

Ryfylke Livsgnist har ved fleire anledningar laga treffande og gode framsyningar som ser med skråblikk på kyrkje, kristenliv og historie. I samband med Luther-jubileet i 2016 stod dei for suksessframsyningen «Luther med latter». No er det Hauge og arven etter han som står for tur, og me glèr oss til å ta i mot dei i Haga kyrkje i Samnanger.



Billettane kostar kr. 200,- vert lagt ut for sal snart. Følg med på facebook og andre stader der informasjon vert lagd ut.



STRANDVIK
Transport og Maskin AS
5643 STRANDVIK strandvik.no dulter@online.no
56 58 21 11 918 44 000 900 12 126 918 18 592



Eide

VARMEPUMPER, JERNVARER, HVITEVARER, BRUNEVARER,
BILUTSTYR, BÅTUTSTYR OG FISKEUTSTYR

Tlf 5658 1386 - FAX 5658 1656 - MOB 9054 4766
BERGE ELEKTRONIKK

Opningstider: Man-Fre 10-17, Tors 10-18 og Lør 10-15

Norheimsund
TRYKKERI AS

Steinsdalsvegen 187 A
5600 Norheimsund

Tlf. 97 59 24 88

E-post: post@nhstrykk.no

Alt i trykksaker

VESTLANDSKE LIMTRE
INDUSTRI AS

Spesialist på trekonstruksjoner
Limtre - beslag - takstoler - takverk

post@vlimtre.no www.vlimtre.no

BYGGADMINISTRASJON
Harald Bjørndal a.s.

PROSJEKTADMINISTRASJON - TAKSERING - KVALITETSUTVIKLING - OPPLÆRING

Tlf. kontor: 56 58 11 30

Tlf. privat: 56 58 51 19

Telefax: 56 58 11 99

Mobil: 970 63 526

E-mail: post@byggadmin.no

Postboks 103
5649 EIKELANDSOSEN

SPAR

Fusa

8-21
9-20

Man-fre

Lørdag

Tlf. 56582133
spar.fusa@spar.no

*Velkommen til hyggelig
handel hos Spar Fusa!*

Din leverandør av takkonstruksjoner og precut

L. HJERTNES AS



5646 Nordtveitgrend • Tlf: 56 58 20 60
E-post: post@lhjertnes.no
www.lhjertnes.no

FUSA AUTO A/S
BILVERKSTAD



Fusa Auto AS
Opsalneset 20, 5641 Fusa
Tlf. 56 58 22 86
Opningstid: mån-fre 07:30-16:00

Meca



**Nær
Butikken**

P. H. Haugen
Landhandel - Sævareid
tlf. 56583110

e-post:
narbutikken.severeid@narbutikken.no



**Fusa
Ferdigbetong as**

5640 Eikelandsosen

Betongpumping - ferdigbetong
sand - singel - grus
transport - maskinarbeid
betongprodukter m.m.

Tlf. 56 58 13 10
Mobil 913 65 482 / 951 87 421
E-post: post@fusabetong.no



BARNESIDA

FARGELEGG
DEN GODE GJETAREN



Jesus seier: «Eg er den gode gjetaren.» Johannes 10,14a

VITSAR



Grisefeber

Har du høyrd om grisen så hadde så høgt feber at det stinka steikt bacon lang veg?


Badar elgen?

Kvífor likar ikkje elgen å bada?
- Den er redd for å bli rein

Kaldt?

Ein strandviking og ein hålandsdøl diskutertevêret.

- Me har hatt fem minusgrader i vinter, sa hålandsdølen.
- Det er vel ikkje noko å skryte av, sa strandvikingen, - me har hatt minus åtte her hos oss.
- Åh, ute ja, sa hålandsdølen.



**REISENE BESTILLER
VI HOS:**

TRAVELNET

OS REISEBYRÅ AS

Boks 274 - 5203 Os

Tlf.: **56 30 43 00**

e-post: os@travelnet.no

www.verden.no

Følg oss på Facebook 

*Vi er til hjelpe
for deg og de
nærme i tiden
etter at en nær
slektring eller
venn har
gått bort.
Du skal vite at
du kan kontakte
oss når som helst,
dag eller natt. Vi
har alltid tid til å
hjelpe deg!*

*En verdig og
trygg avskjed*



BJØRNAFJORDEN
GRAVFERDSHJELP

Amfi Os (ing. øverste etc.) | Telefon **56 30 50 00**
E-post post@bjornafjordengravferdshjelp.no

Solheim Elektro as

5642 Holmefjord

- Alt innen elektro
- Termografering og kontroll av elektriske anlegg
- Sertifisert av Det Norske Veritas



Telefon **91 71 84 91**

E-post havard@solheimelektr.no

www.solheimelektr.no



Samnøyvegen 57 - 5642 Holmefjord

Tlf. **91 99 30 40**

post@tonnegarden.no - www.tønnegarden.no

- **Tønneproduksjon før og no.**
- **Selskapslokale, kurs og møtelokale.**
- **Servering av tradisjonsmat.**
Steinomnsbakst.
- **Catering -middag, koldtbord, snittar mm.**
- **Kaker og lefser.**

  Følg oss på facebook og instagram.

BUNNPRIS

Eikelandsosen

Man - fredag **8-21**
Laurdag **9-20**

Tlf. 56581245

bpeikelandsosen@bunnpris.no



Tombre

www.tombre.no



5643 STRANDVIK

Tlf. **56 58 00 70** Fax **56 58 00 79**

E-post: post@leiglandbygg.no

www.leiglandbygg.no

SPAR

Eikelandsosen

8-21
9-20

Opningstid

Laurdagar

Tlf. **56 58 00 90**



OMSORG VED LIVETS SLUTT

DØGNÅPEN TELEFON
56 58 15 09

SE MINNESIDER PÅ FS-BYRAA.NO
BESTILL BLOMSTER FRAKTFRI TIL VÅRE SEREMONIER
VIA MINNESIDENE, PÅ HILDESBLOMSTER.NO
ELLER VIA TELEFON 55 19 72 05

Besök vår heimeside
www.fusa-kraftlag.no

Din lokale kraftleverandør

Strøyma

Fusa kraftlag

5640 EIKELANDSOSEN
Tlf. **56 58 00 20**

 SparebankenVest

avd. Fusa

Tlf. **915 05555**

Din lokale bank med
forsikring, lån,
sparing og plassering.

VI ER HER

www.spv.no

Hordaland A/S Rørteknikk



Tlf. **56 58 09 90**  hordalandrorteknikk.no

 post@hrt.as  Holsundvegen 285
5642 Holmefjord

Din VVS, VA, Vannkraft og Havbruk leverandør.

Godkjent lærebekrift i rørleggerfaget.



Gudstenester i Fusa sokn

10.10.2021 - 05.12.2021

Dato Kl. Stad

Oktober

10.10.	11:00	Eikelandsosen bedehus
17.10.	11:00	Fusa kyrkje
17.10.	16:30	Sævareid kapell
17.10.	19:00	Eikelandsosen bedehus
24.10.	11:00	Hålandsalen kyrkje
31.10.	11:00	Strandvik kyrkje

Gudstenesteform

Kyrkjeåret

November

07.11.	11:00	Sundvor kyrkje
07.11.	19:00	Fusa kyrkje
14.11.	11:00	Eikelandsosen bedehus
21.11.	11:00	Fusa kyrkje
21.11.	16:30	Sævareid kapell
21.11.	19:00	Eikelandsosen bedehus
28.11.	11:00	Strandvik kyrkje
28.11.	16:30	Hålandsalen kyrkje

Gudsteneste
Minnegudsteneste
Familiemix
Gudsteneste
Gudsteneste
Ungdomsgudsteneste
Gudsteneste
Gudsteneste

20. sundag i treeiningstida
21. sundag i treeiningstida
21. sundag i treeiningstida
21. sundag i treeiningstida
22. sundag i treeiningstida
Bots- og bønedag

Desember

05.12.	11:00	Fusa kyrkje
--------	-------	-------------

Gudsteneste

Allehelgenssøndag
Allehelgenssøndag
25. sundag i treeiningstida
Kristi kongedag
Kristi kongedag
Kristi kongedag
Første søndag i advent
Første søndag i advent

Andre søndag i advent

Det kan kome endringar i gudstenestelista.

Frå

KYRKJEBØKENE



Dåp

Fusa kyrkje

19.09.2021	Ella Markhus
19.09.2021	Magnus Næss Kolle
19.09.2021	Dina Louise Roald Vinsjansen

Hålandsalen kyrkje

26.09.2021	Emilie Rykkje
------------	---------------

Strandvik kyrkje

11.09.2021	Tarjei Benjamin Wolff
26.09.2021	Eirik Austestad



Gravferd

Strandvik kyrkje

02.09.2021	Amalie L.Andersen, f. 21.01.1932
10.09.2021	Magda Djuvik, f.06.11.1928
16.09.2021	Gunvor Solveig Hauge, f. 14.10.1932

Fusa kyrkje

21.09.2021	Harald Rosvold, f. 21.02.1920
------------	-------------------------------

Hålandsalen kyrkje

25.08.2021	Bjarne Ingar Eide, f. 20.12.1948
29.09.2021	Herborg Bakke, f. 03.01.1930



Vigde

Hålandsalen kyrkje

04.09.2021	Kristina Hagebø og Karl Magnus Valderhaug
------------	---



Informasjon

Avsendar:
Fusa kyrkjeblad
Postboks 73
5649 Eikelandssosen

BOK OG BOLLE!

Tradisjonen tru; siste laurdagen i september samlast mange barn til lesestunda «Bok og Bolle» på biblioteket i Eikelandssosen. Samlinga er soknet sitt trusopplæringstiltak for 7-åringane men er open for alle barn som vil delta.

Denne gongen var det 36 barn og vaksne som deltok. Dei fekk høyra og sjå historia om Josef frå I. Mosebok i Bibelen, medan saft og bollar gjekk ned på høgkant.

Hans Einar Markus




Eit flott knippe konfirmantar vart presentert i Hålandsdaln 26. september.

KONFIRMANTE



40 NYE KONFIRMANTAR er i sving med konfirmasjonsførebuing. Denne vinteren skal dei mellom anna ha undervisning, delta og vera delaktige i gudstenester i forskjellig form og ha hjelpeaksjoner. I alt dei gjer og lærer er målet å sjå meir av kven Jesus er og kva det vil sei å følgja han. Vær med og be for dei flotte konfirmantane våre!



Konfirmantane var samla til leir andre veka i september på Strandebarm Sportell. Ein flott leir med greie konfirmantar og kjekke leiarar!

Hans Einar Markus